



# Puss, puss, så får

**Østerbø Maskins beitepussar ser nesten nusseleg ut attmed ein vanleg traktor, men ikkje la deg lure: Den vesle gule er ein skikkeleg arbeidskar under tøffe forhold.**

■ JOGEIR M. AGJELD  
jogeir@askmedia.no

**I** ope lende, der terrenget er greitt og teigane fine, vil ting ta tid med den 88 cm breie pussaren. Straks arealet blir meir ugreitt, om det er bratt, eller om du har område der traktoren ikkje kjem til, kjem Østerbø-pussaren til sin rett. Den kan til og med imponere litt.

Pussaren har ein passe sterk, lettstarta Honda bensinmotor med 11 hk. Girkasen har høg- og låg-serie,

og to gir framover og eitt bakover, totalt 4x2, og akkurat passe. Prisen er knappe 43 000 kroner. Alternativt kan du velje ein rimelegare veslebror.

#### Vaier-kalas

Pussaren gir deg god trening i smørjing og justering av vaierstrømper. All betjeninga går via totalt ni vaierar, fordelte på gass, daudmannsgrep for framdrift og pussar, styrebremser og høgde-/sideregulering av styret. I tillegg er der eit handtak for å justere pussehøgda. Chokehendel og stoppbrytar står direkte på motoren.

#### Anleis enn motorslåmaskiner

Har du einast har kjent lukta av bensineksos bak ein plenklippar og kan hende ein vil-latype snøfresar, er betjeninga av beitepussaren heilt logisk,

og maskinkonstruksjonen grei. Har du derimot livslang erfaring med motorslåmaskin, må det til noko tilvenning. Til dømes er betjeninga av venstre styrebremser der kløtsjhendelen er på motorslåmaskinar, noko som gir uventa manøvrar på kinkige plassar første tida. Fleire av testforarane våre med utprega motorslåmaskinerfaring, var ganske skeptiske i starten både til konstruksjon og til betjening av den italiensk-bygde Østerbø-pussaren. Etter ein halvtime eller to bak styret var skepsisen snudd til nøgdte fjes.

#### Trillesikker

Maskina har sperra differensial. Styrebremsene frikoplar det respektive hjulet og låser det. Sleppe du dødmannsgrepet på framdrifta, blir hjula automatisk bremsa så maskina står bom stille. Det einaste

kritiske som kan skje, er at maskina tar til å skli, men då køyrer du så bratt at du har vanskar med å få fotfeste sjølv.

#### Alltid i arbeid

Styrebremsene er eit stort pluss. Maskina snur tvert. Frå maskina går ut av skåren til den er i arbeid att, går det tre–fire sekund. Det gjeld til og med avlange trekant-kilar og anna ugreie, som ville tatt mykje tid å handtere med traktor. At køyrefarten ofte er noko lågare enn kva den ville vore med ein traktor, blir delvis kompensert med at tohjuls-pussaren er i arbeid nesten heile tida, mens du med ein traktor ville hefta deg med å snu og vende og gire framover og bakover, og bruke mykje meir plass.

#### Bit godt ifrå seg

Vi fekk utlevert maskina utan brukarrettleiing, og veit difor



Betjeninga er ulik det du finn på motorsl maskiner. Daudmannsgrepa er framdrift og pussardrift, mens hendlane under handtaka er styrebremser.

# du ein nuss


ikkje eksakt kor grovt arbeid produsenten meiner at maskina skal kunne gjere. Difor gjer vi som dei fleste av oss brukar   gjere: K yrer maskina til vi n r yttergrensene for kva den klarer, truleg eit stykke forbi kva den er meint   tole. S  vi reiste p  skogstur, gjennom eit grundig attgrodd utmarksbeite med grove renningar, lyng, tuver og myrhol.

Etter at knivane hadde f tt juling mot stein og sm skog, gjekk vi laus p  eit beite s lvbunken har overtatt, med l g stubbing. Maskina kosa seg, og vi gler oss til   sj  kva som veks oppatt der, for tuvane vart rett og slett rivne opp med rota. S  heldt vi fram p  attgrodd innmark, der bringeb rris av urskogstypen gjekk over hovudet p  oss, med ein marsjfart n r 3 km/h. Som siste post tok vi f re oss eit tidlegare beite

## Pluss og minus

- ⊕ Sikker   k yre, kjapp i vendinga
- ⊕ Tar seg fram nesten over alt
- ⊕ Arbeider effektivt med godt resultat
- ⊖ Plassering av girhendlar
- ⊖ Vern av girsystem og styrebremse
- ⊖ Det legg seg mykje planterestar utanp  motorens luftinntak

med til dels mykje sidehelling og osperenningar opp til l rh gde. Her la vi inn h gaste gir, som lar tredem lla rulle p  4,8 km/h. Med n r null heft p  vendeteigane er vi ikkje sikre p  om jobben hadde g tt fortare med traktor.



Pussaren klatrar godt og har automatisk brems n r framdrifta er kopla ut.




**Viktig innmat utanpå**

Girspakane og tilhøyrande overføring er bygd utanpå maskinkroppen. Dei kjem fram på undersida av motoren, med betjeninga bak motoren. Giringa er ikkje spesielt ergonomisk, og faktisk ganske kinkig om maskina står i ugrei posisjon. Vi er bekymra for at overføringa står for utsett plassert. Her bør Østerbø som eit minimum legge på ein liten bukbeskyttar. I same slengen kan dei skjerme inntaket for kjølelufta på motoren, for her bygger det seg på tørr vegetasjon i tjukke lag, frå det som kjem virvlande opp bak under pussaren. Dessutan står styrebremse-innkoplinga på akslingane utsett til. Køyrrer du over ein 20 cm høg stubbe med tre til fem centimeters diameter, svingar brått maskina uventa til sides, fordi stubben koplar inn styrebremsa. Dette opplevde vi fleire gongar.

**Godt arbeidsorgan**

Det seier seg sjølv at ein pussar med ein liten bensinmotor må byggjast lettare enn ein pussar som heng bakpå ein traktor med 50 til 150 hestars motor. Kvar Y-kniv på Østerbø's vesle gule veg 100 gram. Til samanlikning veg ein Y-kniv til Kuhns minste beitepussar 315 gram. På vanleg gras har det ingenting å bety. På litt grøvre vegetasjon ser det ut til at du kompenserer med at køyrefarten naturleg nok er litt lågare. På mykje grøvre vegetasjon er skilnaden at tohjuls-pussaren kjem til kort når stammediameteren blir meir enn tre-fire centimeter, mens den traktormonterte klarer fleire gongar så grove tre. Alternativet om du vil køyre tohjuling er difor å gå over med motorsag eller ryddesag med låg stubbing på førehand. Dei lette knivane vil også lettare ta til å sprike.

Sjølve pussarhuset er romsleg og godt utforma, ryddig bygd og greitt sikra. På venstre side er det heilt glatt,



Sølvbunke før...

...og etter.

Knivane (oppå) gjer ein god jobb, men er ikkje like solide som til ein traktorpussar (under).

Pussaren er lett å få med seg.

Giroverføringa kan trenge ein bukbeskyttar.

Rillene på startapparatet syg seg fulle av planterestar om det er tørt.

mens reimkassen på høgre side er godt verna. Over huset er eit godt plassert vernegitter omgitt av ein bøyel som hjelper med å bøye ned vegetasjonen. Her er ingen rull i bakkant, så det kutta materialet blir liggande luftig og fint.

**God høgdejustering**

Høgda på pussaren justerer du kjapt med det store handtaket der framme, i trinn frå 2 til 8 cm stubbehøgde. Høgdejusteringa endrar vinkelen på heile maskina. Difor er det bra at styret har høgdejustering. Du kan også justere det ut til sidene, ein funksjon vi såg størst fordelar med når vi skulle fylle bensin. Dei to bærehjula såg først litt

små ut, men klarer seg fint så lenge terrenget ikkje blir veldig ekstremt. På nokre sekund stiller du om frå fikserte hjul som peikar beint bakover, til svingande hjul. I sidehelling er fikserte hjul ein fordel, mens i flatt lende svingar maskina leikande lett når hjulopphenget snurrar fritt.

Drivakslingen har tvillinghjul med traktormønster. Dei tar seg bra fram, gir svært god sidestabilitet, og kan køyre over myrer der du kan gå.

**Allsidig målgruppe**

I skrivande stund har vi ikkje prøvekøyrd konkurrerende maskiner til Østerbøpussaren. Kombinasjonen av

pris og eigenskapar er etter vårt syn godkjent. Du skal køyre ganske ekstremt før den når sine yttergrenser, og traktoren er parkert for lenge sidan. Dessutan fer den finare med underlaget og er mykje kjappare i vendinga, så sjølv på enkelte teigar som kunne vore tatt med traktor vil den vere betre eigna. Forutan å passe bønder som vil pusse beite eller pleie landskap, er den godt eigna til hytteeigarar, folk med nedlagte småbruk og anleggsgartnarar. □□

**www.gardsdrift.no**  
Sjå videoar og fleire bilete  
Tekniske data